



Sykkylven kommune
Rådmannen

Det kongelege Kommunal- og
regionaldepartementet
Postboks 8112 Dep
0032 Oslo

KOMM. OG REG. DEP	
26 JAN 2005	
04/2771-156	
Ark.	013
Avd.	RA ISSA MAG

Dykkar dato:
Dykkar ref.:

Vår dato: 24.01.2005
Vår ref.: 2005/142-249/2005

Saksbeh.: Erling Solsletten
Telefon: 70 24 65 56

Vedk. Høyring på Distriktskommisjonen si utgreiing

Ein syner til Dykkar brev av 14.10.04 ref 04/2771 – 4 MAG.

Sykkylven formannskap handsama den aktuelle høyringssaka i møte 17.1.05, sak 1/05 og det vart då fatta slikt vedtak:

”Sykkylven formannskap meiner Distriktskommisjonen har kome med mange gode vurderingar og mange gode forslag i samband med utgreiinga om livskraftige distrikt og regionar. Sykkylven kommune vonar difor at dei ulike forslaga vert følgd opp og at det frå sentralt hald verkeleg er politisk vilje til å følgje opp dei ulike forslaga. Erfaringane syner diverre at liknande, velmeinte utgreiingar ikkje vert følgt opp med konkrete endringar eller ressursar utover det som kan inngå i meir generelle tema.


Ein peikar samstundes på:

- delegering av makt frå sentralt nivå til lokalnivå
- likeverdige rammevilkår for distrikta
- stimulere tilflytting til distrikta
- auka ansvar må følgjast opp med økonomiske midlar
- Stortinget må legge større vekt på strategiske og langsiktige linjer i samfunnsutviklinga
- større vekt på samordning mellom sektorar og mindre på enkeltstående sektortiltak
- lokalisering av ny statleg verksemd skal som hovudregel skje utover Oslo
- samsvar mellom dei oppgåver kommunane vert pålagt og dei økonomiske ressursane som vert gjort tilgjengeleg
- kommunesektoren bør sikrast forhandlingsrett med Staten
- gode kollektive kommunikasjonsmidlar og ein vegstandard som gjer arbeidsreisa trygg
- enklare offentleg innkjøpspolitikk
- statleg langtidsbudsjettering ”

Heile saka til formannskapet følgjer elles vedlagt som kopi.

Ein vonar De tek omsyn til dei signal formannskapet har kome med.

Med helsing



Erling Solsletten

rådmann

Vedlegg

Postadresse: Kommunehuset, 6230 Sykkylven
Besøksadresse: Kommunehuset, Kyrkjevegen
E-postadresse: postmottak@sykkylven.kommune.no

Telefon: 70 24 65 00
Telefaks: 70 24 65 01

Bankgiro: 4045.07.01442
Bankgiro skatt: 7855.05.15287
Org.nr.: NO 964980 365 MVA